



Sjekkliste for egenrevisjon

15 GROVFÔR, KORN, FRØ, OLJE- OG BELGVEKSTAR

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2024.4

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Dei fleste krava som gjeld frødyrking og produksjon av grovfôr, korn, olje- og belgvekstar, finn du i sjekkliste 1 Generelle krav til garden. Dette gjeld mellom anna krav til gjødsling og bruk av plantevernmiddel.

15.1 SÅING



15.1.1 Har du registrert art, sort og partinummer for såvare du har kjøpt, og art og sort for såvare du har dyrka sjølv?

For innkjøpt såvare skal du dokumentere art, sort og partinummer. Som dokumentasjon kan du til dømes bruke rekneskapsbilag der partinummeret og sorten er påført. Dette dokumenterer kva du har sådd, i tilfelle du skal reklamere på ein såvareleveranse.

Viss du bruker eigen såvare, treng du berre å dokumentere art og sort. Dette er dokumentasjon du treng for å få sortsavhengig betaling.

§ Krav

Forskrift om såvarer	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

15.2 GROVFÔR

15.2.1

Lagrar du grovfôret slik at det ikkje blir utsett for forureining? Dette gjeld òg sikring mot ville dyr og vêrhendingar som ekstrem nedbør, jordras, flaum etc.

Fôret er ein del av den totale matkjeda, og dårleg fôr kan forureine produkta. God oversikt over grovfôrproduksjonen bidreg til god fôr kvalitet. Dette har å gjere både med dyreetikk og mattryggleik.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
-------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

15.2.2

Noterer du type og mengde ensileringsmiddel for dei ulike fôrpartia? (brukar du ikkje ensileringsmiddel, svar "Ikke relevant")

Ensileringsmiddel er kjemikaliar som skal dokumenterast. Oversikt over dette er også viktig for ei vurdering av oppnådd fôr kvalitet.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

15.3 KORN, FRØ, OLJE- OG BEGLVEKSTAR

15.3.1

Følgjer du hygiene- og kvalitetskrav knytt til kornproduksjon? Sjå rettleiar og kravliste.

Denne rettleiaren beskriv dei viktigaste reglane som omfattar hygiene- og kvalitetskrav tilknytta kornproduksjon. Følgjer du denne rettleiaren, og dessutan krav i sjekkliste «Generelle krav til garden», kan du vera sikker på at du er i samsvar med gjeldande lovverk og bransjestandard.

Som produsent må du ha kjennskap til følgjande:

Krav

1. Beisa såvare

Som kornprodusent må du sørgja for at beisa såvare ikkje forureinar mat-/fôrkorn. Beisa korn skal lagrast utilgjengeleg for dyr. Det er forbode å omsetja beisa korn som mat eller fôr.

2. Transportutstyr

Du må sørgja for at transportutstyr du nyttar til korn, frø, olje-, og belgvekstar er reingjorde, og at du dekker til råvarene under transport. Dette er viktig for å forhindra at råvarene blir forureina, og dessutan unngå spreieing av floghavre.

3. Reingjering av tørkeutstyr og lager

Tørkeutstyr og lager skal reingjerast minst ein gong årleg for å sikra at kornet ikkje blir forureina og ringast under lagring.

4. Lagring av råvarer

Lagringsforhold skal tilfredsstilla krav som sikrar råvarene mot forureining frå gjødsel, plantevernmiddel, kjemikaliar, og anna. Råvarene skal skjermast, så godt som mogleg, mot forureining frå mus, rotter, kattar, fuglar og andre skadegjørere. Tiltak må setjast i verk viss dette ikkje er tilfredsstillande i samsvar med «forskrift om fôrhygiene» og «kravet kornbransjen har til råvareleverandørar».

5. Tørking og rullering

Tørking og rullering av korn skal følgja rutinar som forhindrar sopp- og muggdanning under lagring. Det er viktig å tørka, rullera og kjøla korn og frø til lagerfast vare, slik at ikkje kvaliteten blir minka under lagring. Lagerfast korn og frø inneheld maks høvesvis 15 prosent og 8 prosent vatn.

Sopp- og muggdanning er dei vanlegaste årsakene til kvalitetsforringelse, og god tørking er det beste tiltaket mot dette. Sopp, mugg og giftstoffa som desse produserer, kan vera skadelege og farlege for folk og dyr.

§ Krav

Veileder hygiene- og kvalitetskrav	Informasjon
Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Floghavreforskrift	Lovkrav
Mattilsynet- Anbefalte grenseverdier for sopp og mykotoksiner i fôrvarer	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

